



Til  
Miljødirektoratet

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tom Dybwad, 5764 3123

## **Flostranda naturreservat - Fylkesmannen si tilråding om utviding etter prosedyren for frivillig skogvern**

**Fylkesmannen tilrår at Flostranda naturreservat i Stryn kommune vert utvida med ca. 35,5 dekar. Utvidinga følger prosedyren for frivillig vern i medhald av naturmangfaldlova.**

**Framlegget vart sendt på høyring 02.10.2018 med frist for å kome med fråsegn 10.12.2018.**

### **Bakgrunn**

Vi viser til vårt brev (på det tidspunktet Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) av 02.10.2018 med framlegg om utviding av Flostranda naturreservat, og til oppdraget med frivillig skogvern for 2018 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkesmannen sende 02.10.2018 framlegget om utviding av Flostranda naturreservat i medhald av naturmangfaldlova på høyring, etter prosedyren for frivillig vern. Utvidinga gjorde at det også måtte utarbeidast eit nytt framlegg til verneforskrift basert på ny standard og gjeldande mal for naturreservat.

### **Bakgrunn**

Sidan St.meld. 25 (2002-2003) «Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand» har frivillig vern, saman med vern på statsgrunn, vore ein av hovudstrategiane for vidare vern av skog i Noreg. Frivillig vern inneber at det er grunneigarane, i samarbeid med skogeigarlaget, som tilbyr staten areal for mogleg vern. Dersom verneverdiane er så store at miljøstyremaktene finn det interessant, vert det så starta forhandlingar mellom staten og grunneigarane. Det vert då forhandla både om avgrensing, verneforskrift og pris, og det vert ikkje inngått avtale om vern med mindre partane vert samde.

Framlegget om utviding av Flostranda naturreservat på nedsida av fylkesveg 722 til Flo har samanheng med arbeidet med ny, rassikker veg med tunnel til bygda Flo. Tilrådd vegløysing har tunnelinnslag i vest inne i naturreservatet, slik at om lag 10 dekar i tilfelle må gå ut av naturreservatet. For å tilrå dette alternativet som grip inn i Flostranda naturreservat har Fylkesmannen føresett at det kjem erstatningsareal. Vi er svært godt nøgde med tilbodet frå grunneigarane på Flo om utviding på 35,5 dekar av Flostranda naturreservat på nedsida av vegen



vest for Marsåna. Fylkesmannen sende 19.04.2018 eit framlegg om grenseendring med reduksjon av Flostranda naturreservat med om lag 10 dekar, og Fylkesmannen kom med si tilråding til Miljødirektoratet om dette 07.02.2019.

Områdevern er ikkje berre ei sak mellom grunneigarar og miljøstyremakter. Som for tradisjonelle verneprosessar er det difor viktig med ei offentleg høyring der også andre instansar og samfunnsinteresser kan kome med merknader. Naturmangfaldlova §§ 41 og 42 krev også at alle som vernet vedkjem vert informerte når vernearbeidet tek til, slik at dei i god tid før høyringa er best mogleg informerte om korleis det planlagde verneområdet vil kunne gripe inn i deira interesser. Dette er ikkje mindre viktig ved frivillig vern, der forhandlingane med grunneigarane allereie har kome langt når den formelle delen av prosessen startar opp.

### Aktuelt verneområde

Flostranda naturreservat ligg i Stryn kommune. Den planlagde utvidinga av naturreservatet (sjå vedlagde kart) omfattar både fylkesveg 722 med vegkantar og areal på nedsida av fylkesvegen ned til Oppstrynsvatnet, i området frå elva Marsåna og vestover til teigar som høyrer til Veslebygda, om lag 35,5 dekar. Sjå elles vedlagt detaljkart og oversiktskart. Oversiktskartet viser også areal som er planlagt teke ut av naturreservatet som følgje av bygging av ny tunnel til Flo på Fv 722.

Den planlagde utvidinga av verneområdet gjeld gnr./bnr.: 7/1, 7/2, 7/3, 7/4, 7/5, 7/6, 7/7, og 7/9.

### Verneverdiar

Flostranda naturreservat vart oppretta 13.09.1991 for å ta vare på ein svært verdfull edellauvskog. Verneverdiane i Flostranda naturreservat er relativt godt kartlagde og godt kjende. , Naturbase-lokaliteten BN00001978 *Flostranda naturreservat* vart sist oppdatert i 2001, og har verdi *svært viktig* - A. Registeringane i Naturbasen omfattar også det aktuelle tilbodsområdet på nedsida av fylkesveg 722. I tilbodsområdet er det m.a. registrert dei raudlista artane lita ramslaukfluge (NT), stavklokke (NT) og alm (VU). Vegkantane til Fv 722 vart kartlagde i 2015 av Miljøfaglig Utredning i samband med ny vegplan for Fv 722, og fekk verdien *viktig* - B. Samla sett vert naturverdien av tilbodsområdet i overgangen mellom A og B.

### Verneform

Som utviding av Flostranda naturreservat er det naturreservat som er den aktuelle verneforma i utvidingsområdet. Naturreservat er ei streng verneform etter naturmangfaldlova, og § 37 i lova seier kva som er grunnlaget for eit naturreservat:

#### «§ 37. (naturreservater)

*Som naturreservat kan vernes områder som*

- a) *inneholder truet, sjeldan eller sårbar natur*
- b) *representerer en bestemt type natur*
- c) *på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold*
- d) *utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) *har særskilt naturvitenskaplig verdi*

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksamhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*



*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»*

### **Innspel til oppstartmeldinga**

Det kom fire innspel til oppstartmeldinga.

Norges vassdragas- og energidirektorat - NVE melde at dei har ingen innspel til saka.

Direktoratet for mineralutvikling skrev at «i følge kartdatabasane frå Noregs geologiske undersøking (NGU), er det ikkje registrert viktige mineralressursar innanfor eller i nærliken av verneområdet. Om ny kunnskap i framtida viser at det finst viktige førekomstar av mineralske ressursar i verneområda, må eventuell uttak av desse førekomstane vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle ut i frå det generelle dispensasjonsføreseggnene i naturmangfaldlova § 48. DMF kan ikkje sjå at det føreslegne verneområdet rører registrerte mineralressursar. Vi har derfor ingen ytterlegare kommentarar til saka men ber om å bli orientert i vidare verneprosess.»

Statnett skrev at dei har ingen anlegg som er berørte av planane og har derfor ingen merknader. Sidan det kan sjå ut som at Stryn Energi har regionalnett/luftlinje nede ved Fv 722, bed dei om at Stryn Energi får saka på høyring.

Stadnamntenesta på Vestlandet meinte at namnet Flostranda er godt dekkjande for heile det aktuelle området.

Fylkesmannen kunne såleis slå fast at det ikkje kom innvendingar mot planane om å utvide Flostranda naturreservat. Stryn Energi As vart ført opp som høyingspart.

### Synfaring

Fylkesmannen inviterte til synfaring 30.08.2018. I tillegg til representantar frå Stryn kommune og Vestskog, møtte ein grunneigar. Viktigaste tema var bruk av den gamle fylkesvegen som turveg og den gamle ferdselsvegen frå Flo til Marsåna.

### **Fråsegner til høyingsframlegget**

Det kom fire fråsegner til høyingsframlegget.

Riksantikvaren har ingen merknader.

Statens vegvesen skriv at den gamle fylkesvegtraseen vil bli stengd med bom i både endar, og legg ikkje opp til at vegen vil vere i bruk på nokon måte sidan fylkeskommunen har sagt følgjande om vidare drift: «Viser til brev dagsett 02.10.2018. Det er sett i gang ein prosess for å utvide naturreservatet ned til Oppstrynsvatnet. Utvidinga medfører at ein del av fv. 722 i framtida blir ein del av naturreservatet. Fylkeskommunen som vegeigar har gjennom planprosessen vore klare på at dei ikkje ynskjer å drifta veg på utsida av den nye tunnelen. Det vert difor heller ikkje lagt opp til at den gamle vegen skal ha funksjon som beredskapsveg eller gang- og sykkelveg. Vegen er tenkt stengt med bom i begge endar. Statens Vegvesen skal demontere isnett, stålrekkerwerk m.m. når ny tunnel er opna. Vegen skal omklassifiserast. Det har pågått endring av reguleringsplan ved vestsida av tunnelen. Endringa av veglinje og tunnel-påhogg medfører ingen endring i høve den planlagde



grensejusteringa av naturreservatet. Vi har elles ikkje merknadar til framlegg om utviding av Flostranda naturreservat.»

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE har ingen merknader.

Stryn Energi skriv at eksisterande linje i naturreservatet må kunne vedlikehaldast fram til ny linje i tunnelen er på plass, og at når den tida kjem, må dei kunne rive linja utan ekstra kostnader: «Når det gjeld Flostranda naturreservat så har Stryn Energi AS ei høgspentlinje frå 1943 som går gjennom eksisterande verneområde og nytt tilleggsareal til verneområdet. Denne linja forsyner Flo og vil etter planen erstattast av ny kabel gjennom den nye tunnelen som vert bygd mellom Veslebygda og Flo. Så lenge vi har linja gjennom verneområdet må den vedlikehaldast og driftast på ein forsvarleg og rasjonell måte, og ved evt. framtidig sanering av linja må dette kunne utførast på ein måte som ikkje påfører Stryn Energi AS ekstrakostnadar.»

#### Fylkesmannen sine kommentarar til innspela:

Fylkesmannen tilrår at den gamle fylkesvegtraseen kan brukast som turveg i naturreservatet. Midlar til drift og vedlikehald over forvaltningsbudsjettet for verneområde kan brukast til turveg i naturreservatet, men vil vere avhengig årlege budsjetttramme i statsbudsjettet og prioritering. Det er positivt at Statens vegvesen vil fjerne gamle sikringstiltak som ikkje lenger er naudsynte på vegen; omfanget avgjer vegvesenet sjølv, men vi tilrår at det skjer i samarbeid med Stryn kommune. Vi er positive til at Statens vegvesen set opp bom som stengjer for motorisert ferdsel. Dei fleste av anleggs- og sikringstiltaka som Statens vegvesen skal fjerne ligg elles på den delen av strekninga som ligg utanfor naturreservatet.

Fylkesmannen er samd i at Stryn Energi må kunne vedlikehalde eksisterande kraftlinje inntil ny er på plass, og at Stryn Energi så kan rive den eksisterande linja. Med punkt om dette i § 4i i verneforskrifta meiner vi desse omsyna er ivaretakne.

#### **Brukarinteresser**

Fylkesveg 722 er i dag bruk som bilveg mellom Veslebygda og Flo. Dagens veg vil bli nedlagt som bilveg når den nye vegen med tunnel er ferdigbygd. Vegen er aktuell som turveg om sommaren slik at ålmenta kan oppleve edellauvskogen i Flostranda. Det må gjerast noko oppryddingsarbeid når dagens veg ikkje lenger er i bruk som bilveg. Fv 722 i dagens trasé må kunne brukast som bilveg fram til den nye Flotunnelen er opna. Dette er teke inn i verneforskrifta.

Den gamle ferdselsvegen frå Flo mot Marsåna over dagens bilveg er aktuell som turveg i naturreservatet. Det går også ein tilkomststi rett opp frå Fv 722 til den gamle ferdselsvegen. Stien og den gamle ferdselsvegen er delvis merkte, og har vore rydda for nokre år sidan.

#### **Verneforskrift**

Ved opprettiging av eit naturreservat vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området. Flostranda naturreservat vart oppretta etter den gamle naturvernlova som i 2009 vart erstatta av naturmangfaldlova. Utviding av Flostranda naturreservat må skje i medhald av naturmangfaldlova, og verneforskrifta er oppdatert etter ny mal for naturreservat, utan at restriksjonsnivået er endra. Ny verneforskrift tek såleis utgangspunkt i standard mal for naturreservat (pr. 2019), og så langt som mogleg er punkt frå gjeldande forskrift teke inn. Det er teke inn nokre punkt av omsyn til bygging av ny Flotunnel på Fv 722. Det gjeld at dagens trasé for Fv 722 kan brukast som bilveg fram til den nye vegen med tunnel til Flo vert opna for trafikk, og at det kan gjerast tiltak for å kunne bruken dagens veg som turveg og sykkelveg, noko som verte avgjort etter verneforskrifta og ikkje veglova.



Då framlegget til utviding av Flostranda naturreservat vart send på høyring, var det ikkje avklart mellom Statens vegvesen og Stryn kommune om dagens veg til Flo skulle kunne brukast som reserveveg dersom Flotunnelen vert stengd av ulike grunnar. Statens vegvesen har i si fråsegn sagt at vegen ikkje er aktuell som reserveveg dersom ny vegtunnel til Flo vert stengd. Fylkesmannen vil likevel nemne at dersom uføresette tilhøve skulle gjere det aktuelt, opnar den generelle dispensasjonsheimelen i § 8 for at det kan gjevast løyve dersom omsynet til tryggleiken gjer det naudsynt.

Ein grunneigar har munnleg uttrykt ønskje om å kunne rydde ein sti frå dagens veg ned til Oppstrynsvatnet og lage ein gapahuk her. Dette vil kunne få løyve etter verneforskrifta.

Fylkesmannen meiner at det ikkje er kome fråsegner til høyringsframlegget som gjer det aktuelt med endringar i framlegget til verneforskrift for Flostranda naturreservat.

### Grenser

Vedlagde kart viser kva for område utvidinga på ca. 35,5 dekar gjeld.

Som nemnt tidlegare i dette brevet sende Fylkesmannen 19.04.2018 på høyring eit framlegg om å redusere Flostranda naturreservat med ca. 10 dekar i grensa mot Veslebygda. Området det gjeld går fram av oversiktskartet over Flostranda naturreservat, sjå vedlegg 2. Etter grenseendringane vil Flostranda naturreservat vere på ca. 1830 dekar. Dette er utrekna frå nye digitale kart, som er meir nøyaktige enn tidlegare.

Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av naturreservat.

### Erstatning

Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomisk tap når vernet fører til vanskeleggjering av igangverande bruk. Ved frivillig vern følgjer ein derimot ikkje den ordinære framgangsmåten ved fastsetjing av erstatning som er omtalt i § 51. Frivillig vern er basert på at partane har vorte samde, også om erstatninga. Difor kan erstatningssummane utbetalast så snart området er verna, utan å vente på dei fristane som er omtalte i § 51.

### Namn

Namn på verneområdet er til vanleg ein del av verneprosessen. I dette tilfellet er det naturlege å vidareføre Flostranda naturreservat som namn på verneområdet.

### Saksgang vidare

Etter at Fylkesmannen sender si tilråding til Miljødirektoratet med gjennomgang av alle fråsegner og innspel i samband med høyringa, vil Miljødirektoratet gi si tilråding til Klima- og miljødepartementet. Det er Klima- og miljødepartementet som legg planen fram til endeleg avgjerd i regjeringa (Kgl. res.), slik at vedtak truleg kan skje i juni 2019.

Fylkesmannen har elles lagt opp til at dei to sakene med høvesvis utviding av Flostranda naturreservat og reduksjon av naturreservatet skal følgje kvarandre sånn nokolunde i tid. Til orientering gjer vi merksam på at fordi det er aktuelt å starte bygging av den nye fylkesvegen med tunnel til Flo er aktuelt før vedtaket om reduksjon er gjort, har Fylkesmannen gjeve løyve til å starte arbeidet med å bygge Flotunnelen på Fv 722 inne i Flostranda naturreservat etter alternativ 1, som



er det Statens vegvesen og Stryn kommune har gått inn for, med tilvising til dei pågåande prosessane med Flostranda naturreservat. Vi viser her til Fylkesmannen sitt brev av 11.09.2018.

### **Adresselister**

Kopi av dette brevet går til grunneigarar og rettshavarar i det aktuelle området, lokale, regionale og nasjonale instansar og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet.

Vi ber om orsaking om det skulle vere feil og manglar ved adresselistene, og ber samstundes om tilbakemelding på slike manglar eller feil til Fylkesmannen ved sakshandsamar.

### **Informasjon**

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til

- seniorrådgivar Tom Dybwad, tlf 57 64 31 23, e-post [fmsftd@fylkesmannen.no](mailto:fmsftd@fylkesmannen.no)

### **Konklusjon**

Fylkesmannen vil med dette tilrå at Flostranda naturreservat vert utvida i tråd med avgrensing på vedlagde kart og at vedlagd verneforskrift vert vedteken.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift med penn.*

### Vedlegg:

- Kart over Flostranda naturreservat
- Kart over framlegg til utviding av Flostranda naturreservat
- Kart med inntekna teigar for kvar grunneigar.
- Tiltrådd verneforskrift for Flostranda naturreservat

### Kopiadresselist (m/vedlegg)

Martin Flo (gnr/bnr 7/1), 6783 Stryn, [martin.flo1@icloud.com](mailto:martin.flo1@icloud.com)

Kolbein Fridtun (gnr/bnr 7/2 og 7/7), 6783 Stryn, [kolfri@gmail.com](mailto:kolfri@gmail.com)

Jon Nedre Flo (gnr/bnr 7/3), 6783 Stryn, [jon.nedreflo@enivest.net](mailto:jon.nedreflo@enivest.net)

Egil Reidar Flo (gnr/bnr 7/4), 6783 Stryn

Tor Hofrenning (gnr/bnr 7/5), Nybøvegen 7, 6783 Stryn, [tor.hof@online.no](mailto:tor.hof@online.no)

Lisbet Aarnes (gnr/bnr 7/6), Årnes, 6799 Oppstryn, [lisbet.aarnes@enivest.net](mailto:lisbet.aarnes@enivest.net)

Bjørn Inge Flo (gnr/bnr 7/9), 6783 Stryn, [bjorn.inge.flo@enivest.net](mailto:bjorn.inge.flo@enivest.net)

Leif Magne Ljåstad (gnr/bnr 3/1) Observatorievegen 10, 2743 Harestua, [leif.ljastad@gmail.com](mailto:leif.ljastad@gmail.com)

Kolbein Nesheim v/ Jan Kristian Takvam (gnr/bnr 4/1), [post@advokat-takvam.no](mailto:post@advokat-takvam.no)

Geir Ove Lindvik (gnr/bnr 5/1), Veslebygda, 6783 Stryn, [geir.lindvik@gmail.com](mailto:geir.lindvik@gmail.com)



Arve Lindvik (gnr/bnr 5/2), Veslebygda, 6783 Stryn, [arve.lindvik@enivest.net](mailto:arve.lindvik@enivest.net)  
Kjell Steinar Lindvik (gnr/bnr 5/4), 6783 Stryn, [steinar.kjell@hotmail.com](mailto:steinar.kjell@hotmail.com)  
Magni Fure (gnr/bnr 6/1), Åsaberget 3, 6823 Sandane, [magfure@online.no](mailto:magfure@online.no)  
Stian Fure (gnr/bnr 6/1), 6783 Stryn/, [stian.fure@gmail.com](mailto:stian.fure@gmail.com)  
Roger Øren (gnr/bnr 6/2), Fure, 6783 Stryn, [roger.oren@enivest.net](mailto:roger.oren@enivest.net)  
Asbjørn Fure (gnr/bnr 6/3), Veslebygda 6783 Stryn, [asbjorn@stryneidom.no](mailto:asbjorn@stryneidom.no)  
Gerd-Jorunn Yttergård (gnr/bnr 6/4) 6783 Stryn, [g.j.y@hotmail.com](mailto:g.j.y@hotmail.com)

Stryn kommune, [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Stryn Bondelag v/ leiar Bjørn Magnus Rørtveit, [skihella@online.no](mailto:skihella@online.no)  
Stryn Bonde- og Småbrukarlag v/ leiar Arne Sølvberg [arnsoelv@frisurf.no](mailto:arnsoelv@frisurf.no)  
Stryn og Hornindal jeger- og fiskar forbund v/ leiar Olav Andersbakken, [oandersbakken@gmail.com](mailto:oandersbakken@gmail.com)  
Indre Nordfjord Turlag, [v/Olav.Auflem](mailto:v/Olav.Auflem), [olav.auflem@enivest.net](mailto:olav.auflem@enivest.net)  
[Stryn Energi AS, postmottak@stryn-energi.no](mailto:Stryn Energi AS, postmottak@stryn-energi.no)

Sogn og Fjordane fylkeskommune, [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
Vest Politidistrikt, [post.vest@politiet.no](mailto:post.vest@politiet.no)  
Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning, Sogn og Fjordane, [post@hvl.no](mailto:post@hvl.no)  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@naturvernforbundet.no](mailto:sognogfjordane@naturvernforbundet.no)  
Norges Jeger- og Fisker forbund NJFF Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@njff.no](mailto:sognogfjordane@njff.no)  
Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest, [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no)  
Sogn og Fjordane Bondelag, [sogn.fjordane@bondelaget.no](mailto:sogn.fjordane@bondelaget.no)  
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, [sognogfjordane@smabrukralaget.no](mailto:sognogfjordane@smabrukralaget.no)  
Sogn og Fjordane Skogselskap, [brandsoyplanteskule@gmail.com](mailto:brandsoyplanteskule@gmail.com)  
Sogn og Fjordane Turlag, [sft@dnt.no](mailto:sft@dnt.no)  
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)  
Sogn og Fjordane avd. NOF v/Anders Braanaas, [anders.braanaas@enivest.net](mailto:anders.braanaas@enivest.net)  
Visit Nordfjord, [mail@nordfjord.no](mailto:mail@nordfjord.no)

Statens vegvesen region vest, [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Forsvarsbygg, [postmottak.arkiv@forsvarsbygg.no](mailto:postmottak.arkiv@forsvarsbygg.no)  
Norges jeger- og fisker forbund, [njff@njff.no](mailto:njff@njff.no)  
Technogarden (nødnett), [firmapost@technogarden.no](mailto:firmapost@technogarden.no)  
Norsk organisasjon for terrengsykling - NOTS, [kontakt@nots.no](mailto:kontakt@nots.no)  
Stadnamntenesta på Vestlandet, [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)  
Statnett, [firmapost@statnett.no](mailto:firmapost@statnett.no)  
Avinor, [post@avinor.no](mailto:post@avinor.no)  
Direktoratet for mineralforvaltning, [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)  
Universitetsmuseet i Bergen, [post@um.uib.no](mailto:post@um.uib.no)  
Den Norske Turistforening, DNT, [info@turistforeningen.no](mailto:info@turistforeningen.no)  
Det Norske Skogselskap, [info@skogselskapet.no](mailto:info@skogselskapet.no)  
Fortidsminneforeningen, [post@fortidsminneforeningen.no](mailto:post@fortidsminneforeningen.no)  
Luftfartstilsynet, [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no)  
Norges geologiske undersøkelse (NGU), [ngu@ngu.no](mailto:ngu@ngu.no)  
Norges Naturvernforbund, [naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)  
Norges Skogeier forbund, [post@skogeier.no](mailto:post@skogeier.no)  
Norsk institutt for Naturforskning NINA, [firmapost@nina.no](mailto:firmapost@nina.no)  
Norsk ornitologisk forening (NOF), [nof@birdlife.no](mailto:nof@birdlife.no)  
Norsk Skogbruksforening NORSKOG, [firmapost@norskog.no](mailto:firmapost@norskog.no)  
Riksantikvaren, [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)




SABIMA, [sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

Universitetet i Bergen, Geologisk institutt, [post@geo.uib.no](mailto:post@geo.uib.no)

Verdens Naturfond (WWF Norge), [wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

Vestskog, [post@vestskog.no](mailto:post@vestskog.no)


Klima- og miljødepartementet, [postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no)

**Vedlegg 1. Flostranda naturreservat – kart over utvidingsområde****Vedlegg 2. Kart over Flostranda naturreservat (heile)**





## Vedlegg 3.



**Vedlegg 4. Framlegg til verneforskrift for Flostranda naturreservat****Forskrift om vern av Flostranda naturreservat, Stryn kommune, Sogn og Fjordane (framlegg)**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2019 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturenmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

**§ 1. (føremål)**

Føremålet med vernet er å ta vare på eit edellauvskogsområde med særskilte gode lokalklima- og jordbotntilhøve som står i ei særstilling i Noreg på grunn av storleiken, artsrikdomen og mangfaldet i skog- og vegetasjonstypar. Føremålet er også å verne området med heile sitt biologiske og geologiske mangfold.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

**§ 2. (geografisk avgrensing)**

Det verna området femnar om heile eller delar av følgjande gnr./bnr.: 7/1, 7/2, 7/3, 7/4, 7/5, 7/6, 7/7, og 7/9.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 1830 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2019. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Stryn kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

**§ 3. (verneregler)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne tre, planter eller plantedelar og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Granplanting og treslagskifte er ikkje tillate. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelte innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledning, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrannning er forbode.



#### **§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Beiting. Forvalningsstyresmakta kan fastsetje reglar for beite i reservatet dersom dette er naudsynt for å unngå vesentleg skade eller endringar i vegetasjonen.
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- e) Utpllassering av saltstein for husdyr
- f) Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- g) Merking og rydding av eksisterande stiar etter retningslinjer i forvalningsplan.
- h) Rydding av stiar for ferdsel og sinking av beitedyr etter retningslinjer i forvalningsplan slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- i) Fjerning, rydding under og vedlikehald av eksisterande kraftlinje.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)**

Ferdelsreglane i § 5 er ikke til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvalningsoppgåver som er bestemt av forvalningsstyresmakta. Unntaket gjelder ikke øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikke til hinder for:

- a) Motorferdsel på eksisterande Fv 722 fram til ny Fv 722 gjennom Flotunnelen er opna.
- b) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvalningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak langs og på gamle fylkesveg 722 som går gjennom naturreservatet.
- b) Omlegging og fjerning av eksisterande kraftlinje.
- c) Hogst og annan tradisjonell bruk av området, og motorferdsle i samband med dette.
- d) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- e) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmaktene
- f) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle
- g) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- h) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- i) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- j) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- k) Ringbarking og felling av gran, platanlønn og framande artar på Svartelista etter retningslinjer i forvalningsplan.



- I) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvalningsstypesmakta.
- m) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 h og i, og § 7 a, b, c, d, e og f.

#### ***§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)***

Forvalningsstypesmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

#### ***§ 9. (skjøtsel)***

Forvalningsstypesmakta, eller den forvalningsstypesmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

#### ***§ 10. (forvaltningsplan)***

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### ***§ 11. (forvaltningsstypesmakt)***

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstypesmakt etter denne forskrifta.

#### ***§ 12. (ikrafttreding)***

Denne forskrifta trer i kraft straks.